

Askeland 05.05.2014.

Søknad om dispensasjon.

Som eigar av gnr. 68 bnr.4 søker eg herved Radøy kommune om dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 1-8 *forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*. Dersom kommunen finn at tiltaket mitt ikkje er i tråd med LNF-formålet i kommuneplan for Radøy, søker eg også om dispensasjon frå denne.

Eg søker om å føre opp garasje på om lag 50m² på landbrukseigedomen min på Askeland. Avstand til sjø vil vere om lag 75 meter og tiltaket vil såleis liggje innanfor 100-metersbeltet mot sjøen.

Tiltaket vert trekt så langt tilbake på eigedomen som mogeleg, slik det vert ikkje eksponert frå sjøsida og ikkje verkar ruvande i terrenget frå nokon kant. Tiltaket er ikkje til hinder for naboar eller omgjevnadane elles. Naboar er varsla og det ikkje kome merknader til tiltaket.

Oppføring av garasje på eigedomen råkar ikkje ålmenta, garasjen vert å rekna som ein del av det allereie eksisterande tunet og vert ikkje oppført som ein frittliggjande "satellitt" i landskapet. Området er ikkje nytta av ålmenta av den grunn at dette er ein del av tunet til våningshuset.

Tiltaket vil ikkje råka landskapsomsyn eller endra kulturlandskapet i noko særleg grad.

Sjølv om det ikkje er nemneverdig drift på garden, er det ynskjeleg å kunne lagre innomhus reiskapar og anna som vert nytta til å skjøtta kulturlandskapet. Det er ein eldre løe-bygning på garden, men denne stettar ikkje dagens krav til å kunne oppbevare naudsynt reiskap og verkty på ein forsvarleg måte.

Som tiltakshavar vurderer eg at fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene og ber Radøy kommune handsame dispensasjonssøknaden min i tråd med Plan- og bygningslova § 19-2.

Venleg helsing



Olav Sletten